



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for september 2008.

Årgang 44

<http://www.hareid.rotary.no>



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Johan Ole Brandal
Visepres: Oddvar Haugen
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Åge Nytun
Styremedlem: Magnar Hatløy
Styremedlem: Vigdis Riise
Ansv.red.: Jostein Strand
Referent: Jostein Strand

Fødselsdagar i september.

Liv Hildse Jøssok Holstad	15. Sept.
Johs J. Hareide	16. Sept
Oddvar Haugen	18. Sept.
Ingar Bigset	25. Sept.
Kirsti Hareid Øvrelid	30. Sept.
Sanjayan Selvamanicam	30. Sept.

100 % frammøte i september

Johan Ole Brandal, Johs. J. Hareide, John Stennes,
Arne G. Grimstad, Trygve Riise, Elias Sellevoll

Frammøteprosent i september. 54 %

Løv

Jeg saa det ivaar
som en svulmende Knop.
Jeg saa det, da Solstraalen
lukkede det op.
Jeg saa det isommer,
mens Maaltrosten sang.
Jeg saa det ihøst,
da det visnende hang.
Jeg saa det idag
som det gulnede Blad
at dale mod Jord,
medens Høstvinden kvad.
Lad falde! Lad dækkes
af Rimfrost og Sne!
— Lad falde, lad falde!
— — Det maatte jo ske!

1. September 2008.

Ingerid Holstad. Heimkomen utveklingsstudent.

8. September 2008.

Gamle idrettsminner. Kåseri av Einar Holm.

Einar Holm var heldt eit interessant og sær underhaldande kåseri om historia til laget frå både før og etter andre verdenskrig. Ein del var henta frå protokollar og frå skriftet Turnliv med fakta og historier frå krigen og utover. På 70 talet var Einar formann i Hareid Idrettslag.

Det var dreve idrett også før første verdenskrig, men ikkje organisert. Ein skulle drive med arbeid, ikkje kaste bort tid og energi på idrett!

Det var Olsen, ein murar i Rasmusgarden, som ga spiren til Hareid Turnlag rundt 1916. Han var sær flink til å turne, hadde stativ, ringar og anna utstyr. Dette skapte også interesse ombord i båtar der mannskapet turna i stong og ringar når dei ikkje song i kor. Aktiviteten var dermed avhengig av fiskerisesongen.

Det var Egil Hernes som ga støtet til organisert idrett på Hareid. 28. desember 1922 vart styret valgt i eit stappfullt og nytt Trudvang. I styret var blant andre Einar Hareide og Hermod Riise.

Turnfesten var eit årlig stemne der alle turnarar fekk vise kva dei kunne. Alle var imponerte over nivået og *"stume av beundring"* (mellomkrigstida). Det kunne då også vere anna program, gjerne ein prolog av Norleif Holstad.

Turnliv var eit skrift også med laust og fast om bygda, om det som hadde skjedd, t.d. politiske tabbar. Mykje av innholdet var kanskje *"vel drygt"* og satt på spissen.

Korgafestane blei også arrangert med *"lødig program"* og sal av korgar med mat og frukt. Det var auksjon om korgene. Deretter blei det fest til den lyse morgen, av og til også med eit visst tilslag av Ulsteinvikarar.

Første tida var det berre herreturn. Harkjerr var "generalen" over gutetroppa. Ein liten øyrefik vanka lett, men Harkjerr var ein ypperleg barne- og ungdomsarbeidar.

I 30 åra var økonomien eit problem og det blei litt kiving om fordeling av ressursane mellom idretten og songarane som *"tok pengane"*. Det var dei som eigde Trudvang.

I 1934 kom jentene med i Turnlaget. Dei hadde drakter som til og med viste knea! Dette var uanstendig og dristig. Nokre kunne rekne med å bli *"avskrevne i det gode lag"* i bygda.

Dameturn vart etterkvart akseptert. Dei var også på turné og oppvisningstur til Fosnavåg saman med musikklaget Melshorn. Anders Rise spelte fele.

Gunvald Eilertsen hadde turnstativ på bensinstasjonen, og det var stenger og ringar i mong ei løe. Det var enkelt og greitt stor interesse for turn den tida. I Turnliv kan ein også lese at det var ekstra stor interesse blant gutane når jentene tok til å henge i ringane.

Under krigen vart det heilt stopp med organisert idrettsarbeid, men barna dreiv sjølvsagt vidare med mange ulike aktivitetar både på land og sjø.

Etter oppstarten i 1945 fekk Turnlaget kanskje si likaste periode. All aktivitet starta opp igjen, igjen med Harkjerr som general, og interessa blomstra for fullt. Harkjerr fekk hjelp av mange, Eindride Hareide og mange andre. Både dame og herrelag deltok i krets- og landsstemne med gode resultat.

Det kom også ei ny idrettsgrein etter krigen, nemlig handball med sær gode lag, særskildt damelaget. Dei kom også til landsmesterskap i 1953. Einar Elvanes var trenar i mange år.

Fotball kom også i meir organiserte former etter krigen. Før krigen var det berre ”*entusiastiske grendastridar*”. Fotballbegrep og reglar var i starten ikkje særleg utvikla før ein fekk radio, eller kunne lese om dette i Tidens Tegn.

Hareidssanden vart mykje brukt som fotballbane når det var fjøre sjø og ikkje kyrkjetid, men også mange andre stadar vart det spelt fotball, t.d. attelegene etter slåttan. Alle banene hadde sine særmerke. Det kunne vere 100 mann i sving kvar søndag!

Fotballane var heimelaga, av og til av griseblære som kanskje varte berre i 10 minutt. Nobbe Ole hadde ein fotball som endra fasong etter kvar kamp. Korkballar var tunge og farlige. Berre Brekke som torde å heade.

I 1945 hadde ”*Polaric*” med seg 2 ekte fotballar heim frå tur. Dette var ein sensasjon!

Idrettslaget Hødd vart skipa i 1919. Det kom til det punktet der Hareid og Hødd skulle møtast for fyrste gong. Draktene Hareid brukte var svarte lastingsbukser (5 kr stk), nokon brukte bestesko under kampen. Hareidslaget stoppa på gamleidet for å diskutere strategi og oppstilling, men det hjalp lite.

Kampen gjekk ikkje i Hareid’s favør. Det viste seg at fiske og fotball var to forskjellige ting for dei staute Hareidskarane. Hareid vart rundspelt og tapte 10-1, men fekk skryt for å vere gode taparar. Etter kampen vart det også arrangert dans. Dei tapte kampen møt Hødd, men ein kan lese om ”*ein dans der Hareidskarane klarte seg godt*”. Det vart ikkje fleire kampar mot Hødd i 20-åra.

Etter krigen tok det si tid å kome seg til og frå kamp. Ein måtte kanskje gå i 5-6 timar eller bli med lokale båtar med motorstopp med ein del roing som resultat. Ein måtte skifte i eit skogholt og oppvarming før kampen var det ikkje. Det var Einar Elvanes som introduserte dette. Han hadde eit år på Herd og hadde lært om oppvarming. Det skjedde også at domaren bles av kampen for å late vatnet.

15. September 2008.

Intercitymøte i Fosnavåg saman, med GSE teamet frå USA.

22. September 2008.

Diverse lysingar og referat frå distriktskonferansen i Ålesund 19.-20 september.

Distriktskonferansen i Ålesund (referent Johan Ole Brandal):

Vi var bra representerte frå Hareid. John, Sverre, Trygve og eg (Johan Ole Brandal), med fruer noko av tida. For meg spesielt, som ikkje har vore med på distriktskonferanse i Rotary før, var det ei flott oppleving.

Konferansen opna på fredags kveld i Langevåg, på Devold fabrikk. Vertskapet for konferansen var Sula Rotaryklubb, og når Sulaværingane arrangerer, blir det mykje musikk. Jazz musikk på fredag i alle fall.

På laurdag var sjølve konferansen, Her var mange spennande tema, men det som gjorde mest inntrykk på meg var nok foredraget til Audun Mysja.

Utvandra Haramsøyning, som er lege og forskar og som arbeider med alternative behandlingsformer. Han brukar mykje musikk i terapिसamanheng, og han var utrulig flink og engasjerande å høyre på.

Musikk i mange samanhengar i staden for tvang: Rette tonen kan stoppe valdsutbrot og mykje frustrasjon i mange samanhengar.

- Barnehage
- Skule
- Adhd
- Skuletrøtte ungdomar
- Sjukdom
- Deprimerte menneske
- Psykisk utviklingshemma
- Demens

Han gjorde så stort inntrykk at Leif Årflot, Marit Botnen og eg vart einige om å prøve å få han til Ytre Søre Sunnmøre ein gong i vinter, som eit Intercity møte.

Dei musikalske innslaga mellom øktene var nesten som minikonsertar.

Hareid Rotary klubb fekk forresten utmerking som distriktets beste klubb. Den tok eg stolt imot på vegne av klubben, ikkje meg sjølv.

På søndag avslutta vi distriktskonferansen med Jazz gudsteneste i Borgund Kyrke. Fantastisk flott!

Vi kom heim oppmuntra og oppglødde.

27. September 2008.

Programfritt.